



Foto: Thomas de Lange Venneck

### Status og råd


Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2000–2005, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gytebestand. 1999- og 2002-årsklassane var gode, elles har rekrutteringa i seinare år vore middels eller lågare.

Det vart i 2007 innført ein ny haustingsstrategi for nordaustarktisk sei, som ICES evaluerte til å vera i tråd med føre-var-tilnærminga. Ifølgje haustingsregelen vil gytebestanden med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet koma enno nærmare føre-var-nivå (220 000 tonn) dei nærmaste åra. Havforskningsinstituttet tilrår derfor at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsutbytte. Dette ville gje ein kvote for 2010 på maksimalt 193 000 tonn. Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett kvoten for 2010 til 204 000 tonn.

### Fiskeri

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 212 000 tonn i 2006, 197 000 tonn i 2007 og 183 000 tonn i 2008 (figur). Gjennomsnittsutbyttet for 1960–2008 var på 162 000 tonn. Kvoten for 2009 blei fastsett til 225 000 tonn, men samla utbytte blir på rundt 160 000 tonn. 2010-kvoten på 204 000 tonn er berre 9 prosent lågare enn 2009-kvoten, og om lag 25 prosent over gjennomsnittsutbyttet for 1960–2008.

Noreg dominerer fisket med over 90 prosent av landingane dei siste åra, og norsk utbytte i 2009 ser ut til å bli på rundt 140 000 tonn. Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2008 var på 136 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 prosent av dei norske landingane, not 25 prosent, garn 20 prosent og line, snurrevad og jukse 15 prosent.



Utvikling av rapportert fangst av nordaustarktisk sei. Tala for 2009 er prognosar.

### NORDAUSTARKTISK SEI

**Sei** – *Pollachius virens*

**Andre norske namn:** Kod, seikod, mort, palemort, grønspor, pale

**Familie:** Torskefamilien

**Maks storleik:** 20 kg og 130 cm

**Levetid:** Opptil 30 år

**Leveområde:** Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya

**Hovudgyteområde:** På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen

**Gytetidspunkt:** Om vinteren med topp i februar

**Føde:** Raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel

**Predatorar:** Sel og kval

**Særtrekk:** Opptrer i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

### Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2010: ICES: mindre enn 204 000 tonn,

Havforskningsinstituttet: 193 000 tonn

FASTSETT KVOTE 2010, TOTAL: 204 000 tonn,

NORSK: 181 000 tonn


FASTSETT KVOTE 2009, TOTAL: 225 000 tonn,

NORSK: 204 150 tonn

FANGST 2009 (PROGNOSE): TOTAL: 160 000 tonn,

NORSK: 140 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI (2008): 900 mill. kroner



### Fakta om bestanden:

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Den er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 m djup. Den opptrer ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta i norske farvatn er utanfor Lofoten, bankane utanfor Helgeland, bankane utanfor Møre og Romsdal og bankar i den nordlege Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen. Yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4 åring.

Sei finst berre i Nord-Atlanten. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungsei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.

Kontaktperson: Sigbjørn Mehl | sigbjorn.mehl@imr.no